



Kommunane i Møre og Romsdal

## Likestillings- og likeverdsarbeid i barnehage og skule 2013

Fylkesmannen inviterer til kompetanseheving i likestillings- og likeverdsarbeid for barnehage tilsette. I tillegg blir likestilling og likeverdsfremmande arbeid tema på regionale nettverksmøte for barnehagefagleg- og skulefaglegansvarlege i kommunane.

### Likestilling 2014

I Likestilling 2014, som er regjeringa sin overordna plan for likestilling mellom kjønna, står det mellom anna: *«Selv om barnehagene og utdanningssektoren er pålagt å arbeide for å fremme likestilling mellom kjønn, viser undersøkelser at bevisstheten om likestilling og kjønnsroller er liten.»*

### Kompetanseheving for barnehage tilsette

Likestillingssenteret i samarbeid med Dronning Mauds Minne, høyskolen (DMMH) og Kanvas som er ein privat barnehageaktør, tilbyr på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, fagdagar om likestillings- og likeverdsfremmande arbeid. Dette er eit tilbod for heile landet og i Møre og Romsdal vert fagdagan arrangert i april.

- Ålesund 23. april, rådhuset
- Molde 24. april, rådhuset

Det blir lagt vekt på teori, samtidig som det vert lagt vekt på korleis ein kan praktisere likestillings- og likeverdsfremmande pedagogikk i barnehagen. Det blir vist til vedlagde program for fagdagan som har tittelen:

**«Søt eller tøff – et fritt valg?  
-hvordan gi jenter og gutter like muligheter?»**

### Praktiske opplysningar

Påmelding på Fylkesmannen sine heimesider. Det vert ikkje krevd deltakaravgift. Enkel lunsj blir servert. Fagdagan startar med registrering kl. 09.30 og blir avslutta kl. 16.00. Påmeldingsfrist er 9.april 2013.

### Regional arbeidsgruppe – likestilling og likeverd

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har etablert og leiar ei arbeidsgruppe som arbeider for å auke medvitet om likestillings- og likeverdsfremmande arbeid i barnehagane. Arbeidet i

gruppa er nært knytt opp mot det regionale GLØD-nettverket som arbeider med å styrke kompetanse, auke rekruttering og heve status for arbeid i barnehage.

Arbeidsgruppa for likestilling har denne samansetnaden:

- Gro Toft Ødegård, fagsjef Molde kommune
- Ranveig Furu, styrar Anestua barnehage, Molde
- Frank Bergli, styrar Hjellbakkane barnehage, Volda
- Elisabeth Welle, studieleiar Høgskulen i Volda
- Hilde Holmeide Aandahl, Utdanningsforbundet Møre og Romsdal
- Maren Ørjasæter Aaland, seniorrådgivar Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### **Regional tiltaksplan – GLØD**

Glød-nettverket utarbeider ein regional plan med tiltak for å styrke kompetansen, auke rekrutteringa og heve status for arbeid i barnehage. Tiltak knytt til likestillings- og likeverdsarbeidet er integrert i denne regionale planen.

### **Regionvise nettverksmøte for barnehage- og skulefagleg ansvarlege**

Som eit ledd i tiltaksplanen og for å forankre arbeidet med likestilling og likeverd i barnehage og skule i kommunane, oppmodar vi regionane til å sette av tid til dette temaet på nettverksmøte i regionane i 2013.. **På desse møta oppmodar vi om at også skulefagleg ansvarlege deltek. Mange av utfordringane knytt til likestillings- og likeverdsfremmande arbeid, vil vere dei same for lærarar i både barnehage og skule.**

Molde kommune og Anestua og Kvam barnehagar i Molde har over fleire år drive utviklingsarbeid knytt til likestillings- og likeverdsfremmande arbeid i barnehage. Fylkesmannen har gjort avtale om samarbeid med styrar i Anestua barnehage, Ranveig Furu og styrar i Kvam barnehage, Mari Lund Johannessen. Dei vil bidra med innlegg på nettverksmøte i regionane etter følgjande tidsplan:

- 15.mars – Nordre Sunnmøre
- 15.mai – Romsdal
- 4. eller 5.juni, evt. haust - Nordmøre
- Ikkje avtalt dato – Søre Sunnmøre

Deltaking på nettverksmøta i regionane, med eventuell påmelding blir koordinert av regionskontaktane:

- Nordre Sunnmøre - Kristin Dyrkorn, Sykkylven kommune
- Søre Sunnmøre - Mariann Båtnes, Hareid kommune
- Romsdal -Terje Humstad, Gjemnes kommune
- Nordmøre -Torill Helgetun, Surnadal kommune

Vi ser fram til eit styrka samarbeid om utfordringar i likestillings- og likeverdsfremmande arbeid i barnehage og skule!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)  
Utdanningsdirektør

Maren Ørjasæter Aaland

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg:

Kopi:	Britvegen 6	6410	MOLDE
Anestua Studentbarnehage v/ Rannveig Furu			
Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal v/Hilde	Nedregårdsvn 1	6010	ÅLESUND
Holmeide Aandahl			
Høgskulen i Volda v/ Studieleiar BLU og GLU	Postboks 500	6101	VOLDA